



Hordabø Idrettslag  
Radøyvegen 2795  
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:52RBQC- Skjemanr.:208  
Vår: 14/180 - 14/5964

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli  
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

12.06.2014

## Svar på søknad om skjenkeløyve 22.08.2014

Viser til søknaden dykkar, datert 25. mai 2014 der de søker om skjenkeløyve for einskildhøve i samband med Familiefestival og dans i Hordabøhallen laurdag 22. august 2014. Det er søkt om skjenking for alkoholhaldig drikk under 22% frå kl. 14.00 til kl. 02.00.

I tillegg vil søkjaren bruka eit uteområde. Området for uteservering er skissert i innlever kartet frå HIL som også er vedlagt dette løyve.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 4-4 og 4-5 og kommunestyret si delegering av mynde til rådmannen, vert det gjeve skjenkeløyve for einskildhøve for alkoholhaldig drikk under 22% frå kl.14.00 til kl.02.00 i samband med konsert i Hordabøhallen laurdag 22. august 2014. Arrangementet vert å avslutta ein halv time etter skjenketidsslutt, og seinast kl. 02.30.

Ansvarleg for løyvet er Frode Myking, Bøtjørnvegen 90, 5037 Bøvågen, f. 18.06.1974, med Ove Hamre, f. 28.08.1970 som avlørsar.

Område for skjenking er i dette løyve avgrensa til inne i hallen og til det uteareal som er skissert på vedlagte kart. Viser elles til "*Lov om vern mot tobakksskader*" med forskrift (Røykelova). Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre.

Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast minsteavgift på kr 3 500,-. Salsoppgåve for øl og vin skal sendast Radøy kommune etter arrangementet.

Me vil ønska lukke til med arrangementet!

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli  
konsulent kultur- og sørvistorget



**Mottakere:**  
Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN